



MODALEN KOMMUNE

Pleie og omsorg

Avtale mellom Alver kommune og Modalen kommune om kjøp av gjesteplass(ar) ved Modalstunet i Modalen kommune.

Avtalen gjeld kjøp av plass i institusjon ved Modalstunet bu og opptrening for innbyggjarar i Alver kommune som har vedtak om institusjonsplass heimla i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2 pkt. 6.

Avtalepartar

Tilbydar: Modalen kommune v/ eining for pleie og omsorg.
 Kontakt: Margrethe Laastad Kvamme
 Pleie- og omsorgsleiar
 Modalen Kommune
 5729 MODALEN
 Tlf: 56599091/94507383
 E-post: margrethe.kvamme@modalen.kommune.no

Mottakar: Alver kommune.

1. Ansvarsfordeling

Alver kommune fattar enkeltvedtak om plass og betsemmer lengda på opphaldet. Brukar vert orientert om at det er kjøpt plass til vedkommande ved Modalstunet.

Modalen kommune tilbyr plass som samsvarer med Alver kommune sitt vedtak. Dersom brukar har spesielle behov må dette avklarast med Modalen kommune på førehand. Modalen kommune har ikkje høve til å tilby opphald i skjerma omgjevnader. Modalstunet kan ikkje tilby opphald til fysisk, urolege brukarar som er demente, då me har utgang direkte frå rom ut i hageareal. Kopi av vedtak, sjukepleierapport, epikrise og medisinaliste skal sendast til Modalstunet før gjesteopphaldet tek til. Modalen kommune ynskjer eit kontaktpunkt pr. telefon med Alver kommune i høve pasientretta førespurnader.

2. Tal plassar

Avtalen gjeld kjøp av 2 plassar.

3. Avtaleperiode

Avtalen gjeld for perioden f.o.m. 01.01.23 t.o.m 30.06.23. Dersom det er aktuell med vidare kjøp av 2 plassar, må dette avtalast innan 01.05.23 ut frå planlegging drift sommar 2023.

4. Økonomi

Pris pr. døgn er kr. 3 300,- for 2023.

I denne prisen inngår dei tenester som er omfatta av § 7 i «Forskrift om vederlag for opphald i institusjon» m.v. av 25. april 1995, med dei unntak som går fram av pkt. 5 i denne avtalen. Modalen kommune sender faktura etterskotsvis kvar måned.



MODALEN KOMMUNE
Pleie og omsorg

5. Følgjande inngår ikkje i avtalen
- a) Tannbehandling som ikkje er dekkja av folketrygda.
 - b) Fotpleie og frisør.
 - c) Praktisk og økonomisk ansvar i samband med innskriving og utskrivning av institusjon ligg hjå Alver kommune.
 - d) Utgifter til transport og følgje til undersøking og behandling utanfor institusjonen.
 - e) Utgifter til medisinsk behandling som går ut over gjennomsnittleg forbruk for sjukeheimspasient i regionen.

Andre avgrensingar:

6. Utskriving
Dersom lengda på opphaldet ikkje er fastsett ved innskriving, skal skriftleg varsel om utskrivning gjevast institusjonen min. 1 veke før utskrivingsdato.
7. Anna
Hjelpemiddel og anna personleg utstyr som pasienten har bruk for skal følgje vedkommande ved innskriving. Det er ynskjeleg at klede vert merka med namn og at pasientene har oversikt over eigedelar som føl med ved innskriving.

Avtalen er skriven i 2 eksemplar. Partane har kvar sitt.

For Alver kommune
Stad og dato:

Alver 4/1-22

Christina Lovvold Fosse

For Modalen kommune
Stad og dato:

Modalen 30.12.22

Margrethe L. Kvamme
Margrethe L. Kvamme

Leiar for pleie og omsorg.

6720 Modalen